



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellesråd**

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA  
Tlf: 468 40 719 [www.aukrakyrkje.no](http://www.aukrakyrkje.no)  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
Org.nr.: 976 997 654

## **Innkalling til møte**

**Utval:** Aukra sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 18. januar 2024  
**Møtetid:** Kl. 18.05 – 20.25  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Innkalla medlemmar i sokne- og fellesrådet:**

Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Per Arne Rindarøy, Hans Kristian Furnes, Britt Karin Hagen Laastad, Therese Hildre Solem, Kari Margrete Fanghol, Anne Berit Oterhals Skrede, Kristian Finn Risung og Lisbeth Nikolaisen Skomsø (10).

### **Kopi til varamedlemmar:**

Rune Vågøy, Edvin Magne Nybø, Janne Wie, Gunnar Kolflåth, Knut Oterhals, Berit Cesilie Huse og Grethe Lystad Johnsen.

*Forfall meldast til fung. kyrkjevevjerje Max Ingar Mørk, telefon 951 85 921 eller e-post [max.mork@aukra.kommune.no](mailto:max.mork@aukra.kommune.no).*

*Varamedlemmar får innkallinga til orientering, men treng berre å møte ved nærare innkalling.*

## **SAKLISTE**

**Opning** v/Sigurd Moltubak

**Sak 01/24** GODKJENNING AV:

- A. Innkalling
- B. Sakliste
- C. Referat frå møte 14.12.2023

**Sak 02/24** Misjonsbasar 2. februar 2024 (SR-sak)

**Sak 03/24** Prosedyrer for minnesamvær ved innleige av dugnadsgjengen (SR-sak)

**Sak 04/24** Planlegging av strategidag i Aukra SFR (SR-sak)

**Sak 05/24** Stillingsendringar for kyrkjetenarane (FR-sak)

**Sak 06/24** Budsjett for Aukra SFR 2024 (FR-sak)

**Sak 07/24** Referatsaker (SFR-sak)

**Sak 07/24-1** Delegasjonsreglement for Aukra SFR

**Sak 07/24-2** Oppnemning av geistleg representant til fellesrådet

**Sak 07/24-3** Referat frå møte i AU 04.12.2024

**Sak 08/24** Eventuelt


Aukra 11.01.2024

Erlend Melby

Leiar (sign)

Max Ingar Mørk

Fung. kyrkjevevjerje



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellesråd**

Skogvegen 1 A  
6480 AUKRA  
Tlf: 468 40 719  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
www.aukrakyrkje.no  
Org.nr.: 976997654

**MØTEREFERAT**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 14. desember 2023  
**Møtetid:** Kl. 18.05 – 20.25  
**Møtestad:** Kyrkjelydshuset

**Desse medlemmane møtte:**

Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Hans Kristian Furnes, Britt Karin Hagen Laastad, Kari Margrete Fanghol, Anne Berit Oterhals Skrede, Kristian Finn Risung, Berit Cesilie Huse og Rune Vågøy (frå sak 74) (9).

**Forfall:** Per Arne Rindarøy, Therese Hildre Solem og Lisbeth Nikolaisen Skomsø.

**Sekretær:** Max Ingar Mørk

**Elles møtte:** Sigurd Moltubak

**Opning:** Marta Kristin spelte «Den fattige Gud» av Edvard Hoem, framført av Ine Hoem (NoS 740)

**SAK 72-23 GODKJENNING AV:**

**A. Innkalling**

Innkallinga blei godkjent utan merknadar

**B. Sakliste**

Saklista blei godkjent. Det blei meldt inn følgjande saker under eventuelt:

- Utlysing og vidare prosess for tilsetjing av kantor, og status for trusopplærar og kyrkjeverje
- Kyrkjetenar i Julsundet på julaftan
- Kontaktliste for SFR
- Eventuell songkveld med familien Ajer i slutten av februar

**C. Referat frå møte 16.11.2023**

Referatet blei godkjent utan merknadar

**Sak 73-23 Fastsetting av møtegodtgjersle for Aukra SFR (FR-sak)**

*Forslag til vedtak:*

Aukra SFR vedtek å knyte møtegodtgjersla til dei kommunale satsane for utval i gruppe B. Målet er at ein i løpet av perioden harmoniserer satsane med dei kommunale, men at ein i første omgang legg seg på 2/3 av desse.

Etter dette blir godtgjersla kr. 743,- pr. møte for leiar (evt. nestleiar i dei tilfella ho leier møta) og kr. 633,- pr. møte for dei andre medlemmane. Leiar og nestleiar får møtegodtgjersle også for AU-møta.

*Behandling:*

Rådet var einig i at godtgjersla knytast til den kommunale godtgjersla for utval i gruppe B. Men det var ulike meiningar om godtgjersla skulle aukast gradvis eller følgje dei kommunale satsane straks.

Berit Cesilie Huse sette fram forslag om å følgje dei kommunale satsane fullt ut.

Ved votering fekk Huse sitt forslag 6 stemmer og innstillinga 2 stemmer. Etter dette hadde SFR gjort slikt

**Vedtak:**

Aukra SFR vedtek å knyte møtegodtgjersla til dei kommunale satsane for utval i gruppe B.

Etter dette blir godtgjersla kr. 1 115,- pr. møte for leiar (evt. nestleiar i dei tilfella ho leier møta) og kr. 949,- pr. møte for dei andre medlemmane. Leiar og nestleiar får møtegodtgjersle også for AU-møta.

Rune Vågøy møtte no.

**Sak 74-23 Vidareføring av arbeidsavtalen til fung. kyrkjeverjer (FR-sak)**

I samsvar med innstillinga gjorde fellesrådet slikt samrøystes

**Vedtak:**

Aukra SFR vedtek å forlengje arbeidsavtalen med dei to fungerande kyrkjeverjene inntil ein får avklart meir langsiktige løysingar.

**Sak 75-23 Gjennomgang av reglane for teieplikt (SFR-sak)**

*Behandling:*

Leiar gjekk igjennom dei viktigaste punkta i KA-heftet «Informasjon eller taushet. Behandling av personopplysningar og andre saksopplysningar».

Etter dette underteikna medlemmane kvar sitt teiepliktskjema.

**Vedtak:**

Aukra SFR tek orienteringa om reglane for teieplikt til vitande.

**Sak 76-23 Gudstenesteplan for 2024 (SR-sak)**

*Behandling:*

Soknepresten gjorde merksam på at han var sett opp med gudsteneste i domkyrkja 10.03.24 og 21.04.24. Han føreslo at gudstenesta 10.03.24 blir gjennomført med vikar, den føreslegne gudstenesta 21.04.24 strykast, og utdeling av barnesalmebok flyttast til 07.04.24.

Med desse endringane gjorde soknerådet slikt samrøystes

**Vedtak:**

Aukra sokneråd godkjenner gudstenesteplan for Aukra sokn 2024 som framlagt i saka. Soknepresten i samråd med kyrkjeverja kan gjere mindre endringar undervegs dersom situasjonen tilseier det.

**Sak 77-23 Offerliste for 2024 (SR-sak)**

*Behandling:*

Leiar refererte eit forslag frå Gunnar Kolflåth om endring av i alt 5 offer. Soknerådet fann ikkje å ville endre forslaget frå komiteen, bortsett frå at det oppsette offeret 25.08.24 til Kirkesangforbundet Møre endrast til Kirkesangforbundet Norge.

Med denne endringa gjorde soknerådet slikt samrøystes

**Vedtak:**

Aukra sokneråd vedtek offerliste for 2024 som framlagt i saka.

AU kan gjere mindre tilpassingar undervegs dersom situasjonen tilseier det.

**Sak 78-23 Eventuell vidareføring av misjonsprosjektet (SR-sak)**

*Behandling:*

Soknerådet drøfta spørsmålet om eventuell vidareføring av misjonsprosjektet. Det framkom fleire synspunkt:

- Misjonsprosjektet er godt innarbeidd. Det vil vere synd å avslutte det no.
- Prosjektet treng ei ny drivkraft.
- Mange er engasjerte og vil bidra, men ikkje sitte med ansvar.
- Eit prosjekt har ein start og ein slutt. Mange har lyst til å vidareføre, men det er ikkje grunnlag for å vidareføre i sin noverande form. Prosjektet må omdefinierast. Det kan t.d. gjerne handle om Moldova vidare, om det er interesse for det.
- Prosjektet må vere linka til soknerådet, men ein vil gå breitt ut og leite etter folk som kan ta ansvar. Det er mange i soknet som kan hjelpe til. Det må etablerast ein berekraftig organisasjon.
- Det må arbeidast vidare med saka. Den endelege avgjerda utsettast til neste møte, evt. eit seinare møte.

**Vedtak:**

Soknerådet arbeider vidare med spørsmålet om vidareføring eller omdefinering av misjonsprosjektet. Den endelege avgjerda utsettast til neste møte, evt. eit seinare møte.

**Sak 79-23 Val av kontaktpersonar (SR-sak)**

*Behandling:*

Saksordførar Kristian gjorde greie for dei ulike utvala og oppgåvene som var lista opp i saka.

Leiar sa ein kunne ha to perspektiv på saka: Anten «kva bør vi ha i kyrkjelyden» (ovanfrå) eller «kva for ressurspersonar har vi, og kva brenn dei for» (nedanfrå). Han utfordra medlemmane til å konkretisere kva for oppgåver dei kunne tenke seg å gå inn

i. Den umiddelbare responsen viste at det er folk som kan tenke seg å jobbe med kyrkjetekstilar mv., diakoni, Kirkens SOS og Kirkens Nødhjelp, gudstenesteutval, kyrkjebladet, Julsundkomité og arbeidsmiljø og HMS..

Rådet meinte likevel at saka treng meir tid og involering av fleire personar, både i og utanfor soknerådet. Rådet ønska eit eige møte om organisasjonsbygging der både faste representantar og vararepresentantar deltek.

**Vedtak:**

Det blir arbeidd vidare med å finne kontaktpersonar og etablere ulike komitear. Ein tek sikte på å kalle inn til eit eige møte om saka der både faste representantar og vararepresentantar i soknerådet deltek.

**Sak 80-23 Referatsaker (SFR-sak)**

**Sak 80-23-1 Aukra kommune sitt budsjettforslag for Aukra sokn**

**Sak 80-23-2 Val av kommunal representant og vararepresentant til SFR**

**Sak 80-23-3 Referat frå møte i AU 30.11.23**

**Sak 80-23-4 Brannbok for Aukra kyrkje**

*Behandling:*

Av tidsmessige grunnar blei ikkje referatsakene gjennomgått, men tekne til vitande.

**Vedtak:**

Referatsakene blir tekne til vitande.

**Sak 81-23 Eventuelt (SFR-sak)**

*Behandling:*

Det blei berre tid til ei rask avklaring dei to mest presserande sakene under eventuelt. Resten takast opp på neste møte.

Følgjande blei klarlagt:


**Kantorutlysinga:** Dei to søkarane har fått beskjed om at prosessen er i gang og at ein vil følgje opp saka tidleg i januar 2024.

**Kyrkjetenar i Julsundet på julaftan:** Marta Kristin og Rune samarbeider om oppgåva. Kyrkjeverje tek kontakt med skolen for å undersøke om stolane frå skolegudstenesta kan stå på plass til julaftan.

Aukra 14.12.2023

Erlend Melby  
Leiar (sign)

Max Ingar Mørk  
Fung. kyrkjeverje



## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokneråd (SR)  
**Møtedato:** Torsdag 18. januar 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 02/24 Misjonsbasar 2. februar 2024**

Misjonsbasaren til inntekt for kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt er i år fastsett til fredag 2. februar kl. 18.00 på Kyrkjelydshuset.

Kari Margrete Fanghol har gjennom soknerådsleiar meldt behov for at fleire trår til for å kunne gjennomføre basaren, og har utfordra soknerådet til å stille med mannskap.

Med utgangspunkt i korleis det var på siste basar, er det behov for følgjande:

- Kjøkken: 3 personar
- Sal av kaker: 1 person
- Åresal: 4 personar
- Tombola: 2 personar (sist gang var dette 2 konfirmantar)

For å få til sal av kaker, er ein avhengig av å få folk til å bake. I tillegg til kaker/gjærmat blir det sal av pølser.


Ein treng også fleire gevinstar (ta gjerne med på soknerådsmøtet).

AU har i møte 04.01.24 gitt full støtte til saka og vil oppmode både faste og varamedlemmar av soknerådet til å tenke igjennom på førehand kva dei kan bidra med. Det gjeld både arbeidshjelp, baking og gevinstar. Ein kan også utfordre personar utanom rådet.

#### **Forslag til vedtak:**

Aukra sokneråd vil bidra med følgjande til misjonsbasaren:

- Kjøkken:
- Sal av kaker:
- Åresal:
- Tombola:
- Kakebaking:
- Gevinstar:



## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokneråd (SR)  
**Møtedato:** Torsdag 18. januar 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 03/24 Prosedyrar for minnesamvær ved innleige av dugnadsgjengen**

Hausten 2023 overtok Janne Wie ansvaret for å koordinere minnesamvær på Kyrkjelydshuset ved hjelp av dugnadsgjengen. Ho overtok etter Peder Nedrelid, som hadde vore koordinator for dette gjennom mange år, inntil han flytta frå kommunen.

Janne har saman med Kari Fanghol utarbeidd eit forslag til prosedyrar for minnesamværa. Dette viser detaljert kva for ansvar som kviler på dei einskilde aktørane i prosessen: kyrkjeverja, koordinatoren, dei frivillige og dei pårørande.

Forslaget er i hovudsak ei vidareføring og presisering av tidlegare praksis. Ved at det blir nedfelt i ein skriftleg instruks blir oppgåvene og forventningane meir føreseielege for dei som er med å arrangere minnesamværa, samtidig som dei pårørande får detaljert informasjon om kva dei er ansvarlege for. Ettersom ein gjer seg erfaringar med opplegget, kan det vere behov med mindre justeringar av prosedyrane.

AU har i møte 04.01.24 vurdert forslaget og slutta seg til dette utan merknadar.

#### **Forslag til vedtak:**

Aukra sokneråd sluttar seg til forslaget til prosedyrar for gjennomføring av minnesamvær på Kyrkjelydshuset i regi av dugnadsgjengen.

# Minnestund

Oppdraget gis av kyrkjevergen med epost til koordinator med opplysninger om kontaktperson til pårørende. Koordinator tar kontakt med pårørende og avtaler fysisk møte på kyrkjelydhuset. På møtet fylles det ut fakturagrunnlag og det deles ut liste om hva pårørende har ansvaret for og hvilken oppgave/ utstyr som vi tar på oss.

Pårørende «eier» arrangementet, vi bistår med det praktiske.

Oppgave	Beskrivelse	Ansvarlig
Oppdatere listen over frivillige	Motivere alle til å forespørre frivillige.	Sokneråd, koordinator, stab
Bestilling kyrkjelydhuset	Gjøres før avtale med koordinator	Kirkevergen
Kontakt koordinator	Gi beskjed om pårørende som er ansvarlig med tlf eller epost.	Kirkevergen
I forkant av minnestunden	Ta kontakt med pårørende om møte på kyrkjelydhuset. Møte pårørende på huset til omvisning. Fylle ut fakturagrunnlag. Leverer ut liste over hva pårørende er ansvarlig for.	Koordinator
Liste over ting pårørende er ansvarlig for	Kaffe Kaffefløyte Tea Servietter Lys Kaker Varm mat/ smørbrød Loff og smør Brus/ saft Blomster	Pårørende
Liste over ting som er på huset	Dekketøy med tallerken/ skål, suppe/ asjett, kaffekopp, glass, spisebestikk, Varm mat: kjeler, øser, boller. Kaffefilter Vaser Tealysstaker/ lystaker Kakespader Kaffekanner	Frivillige
Forberedelser	Ta kontakt med aktuelle «hjelpere». Sjekk om dukene er rene uten flekker og strøkne. Avtale oppmøtetid. Avtale med pårørende når de kan levere mat/ kaker og utstyr. Sjekk toalett.	Koordinator



<p>Minnestunden</p>	<p>Ta imot mat/ kaker før begravelsen.          Sette frem bord til med plass til 8 personer på hvert bord.          Dekke bordene.          Sette på oppvaskmaskinen og lukke den for at den skal fylle seg med vann.          Ha kontakt med pårørende når de forskjellige tingene skal skje.          Koke kaffe (obs! er koblet dirkete til vann)          Servere mat/ kaker.          Vaske opp alt som er brukt, også det som er satt ut og ikke har vært brukt.          Spisebestikk vaskes 2 ganger.          Rydder vekk bord og stoler.          Vasker dukene på 40 gr, max 8 pr gang.          Hvis ikke alle vaskes må koordinator ha beskjed.          Moppe over gulvet i salen, gangen og på kjøkkenet.          Tømme søppel på kjøkkenet og på toalettene.          Tømme oppvaskmaskin og rengjøre filterne.          Sjekk alle dører og vinduer.</p>	<p>Frivillige</p>
---------------------	---	-------------------



## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokneråd (SR)  
**Møtedato:** Torsdag 18. januar 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 04/24 Planlegging av strategidag i Aukra SFR (SR-sak)**

I SFR-sak 79-23 *Val av kontaktpersonar* blei det gjort slikt vedtak:

Det blir arbeidd vidare med å finne kontaktpersonar og etablere ulike komitear. Ein tek sikte på å kalle inn til eit eige møte om saka der både faste representantar og vararepresentantar i soknerådet deltek.

AU drøfta i sitt møte 04.01.24 korleis ein skal vidareføre denne prosessen, og konkluderte med at ein ønskjer å arrangere ein strategidag/workshop for faste medlemmar og varamedlemmar av SFR. Aktuelle tema her er:

- Kirka vår
- Våre visjonar
- Våre ressursar
- Satsingsområde/fokusområde
- Oppnemning av komitear og kontaktpersonar

Desse sakene blei spesielt nemnt i AU-møtet:


- Arbeidet i Julsundet. Oppretting av ein Julsundkomité.
- Trusopplæringsutval – oppgåver og forventningar
- Komité for fasilitetsstyring/FM av kyrkja, kyrkjestova og KLH. Aktuelle saker: Utleigesatsar, varme, lys og lyd, interiør og inventar, sikring (m.a. av gallerifronten), utvendig måling, vedlikehald mv.

AU føreslår at strategidagen gjennomførast ein laurdag i løpet av våren, t.d. på Mevoldtunet, og med take away-mat.

#### **Forslag til vedtak:**

Aukra SFR gjennomfører ein strategidag for faste medlemmar og varamedlemmar av rådet.

- Dato: ?
- Stad: Mevoldtunet
- Mat: Take away / catering
- Ansvarleg for opplegg og gjennomføring: AU i samarbeid med kyrkjevevja.



## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokneråd (SR)  
**Møtedato:** Torsdag 18. januar 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 05/24 Stillingsendringar for kyrkjjetenarane**

Aukra sokn har dei siste åra hatt 100 prosent kyrkjjetenarstilling fordelt på 25 prosent for kyrkjjetenaren inne i kyrkja og 75 prosent for kyrkjjetenaren ute på kyrkjegarden. Sistnemnte fungerer delvis også som vaktmeister på Kyrkjelydshuset.

Trass i at begge arbeidstakarane har prøvd å halde timetalet innanfor den fastsette stillingsstorleiken, har dei i fleire år måtta bruke 7–8 prosent fleire timar enn normert for å få arbeidet unna. Dei har samtidig vist stor fleksibilitet m.o.t. arbeidstider for å halde timetalet nede.

I SFR sitt budsjettinnspel til kommunen hausten 2023 blei det søkt om midlar til 5 prosent auke av begge dei to kyrkjjetenarstillingane frå 2024. Dette fekk gjennomslag ved budsjettbehandlinga i kommunestyret før jul og er lagt inn som auke i det kommunale tilskotet for 2024.

Etter dette vil stillinga for kyrkjjetenar «inne» bli 30 prosent og for kyrkjjetenar «ute» bli 80 prosent. Kyrkjevevja tilrår at endringane tek til å gjelde frå 1. januar 2024. AU har i møte 04.01.24 slutta seg til dette.

Framleis må ein rekne med at det kan bli behov for nokre fleire timar enn dei normerte og det ein kan handtere innanfor fleksitidsordninga, men dette kan styrast meir etter vekslende behov gjennom året.

#### **Forslag til vedtak:**

Stillinga for kyrkjjetenar «inne» blir auka frå 25 til 30 prosent frå 01.01.2024.

Stillinga for kyrkjjetenar «ute» blir auka frå 75 til 80 prosent frå 01.01.2024.



## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokneråd (SR)  
**Møtedato:** Torsdag 18. januar 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 06/24 Budsjett for Aukra SFR 2024**

Rekneskapsføraren har saman med fungerande kyrkjevevje utarbeidd forslag til budsjett for SFR for 2024.

Vedlagt saka ligg kommunen sitt vedtaksbrev av 05.01.2024 for tildeling av tilskot til kyrkjelege formål 2024. Netto overføring frå kommunen til SFR for 2024 er kr. 3 708 000,-. I tillegg føreset kommunen at ein brukar kr. 236 456,- av tidlegare års mindreforbruk (driftsfond). Vidare kjem tenesteyting frå kommunen berekna til kr. 205 0000,- som omfattar rekneskapsføring, løns- og personaltenester og IKT-tenester.

I sitt budsjettframlegg har kommunen lagt inn følgjande endringar frå tidlegare år:

Generell lønsvekst og mogeleg lønsauke for ny kyrkjevevje	kr. 265 000,-
5 prosent auke av kvar av kyrkjjetenarstillingane inkl. sos. utg.	kr. 62 000,-
Investering og vedlikehald kyrkja	kr. 350 000,-

Talbudsjettet følgjer som eige vedlegg til saka. I hovudsak er eksisterande drift vidareført på same nivå som tidlegare.

Kommentarar til einskildpostar:

**Lønspostar generelt.** Sjølv om det for tida er vakanse i fleire stillingar, er det budsjettert med ordinær løn i vedkomande stillingar. Innleigde vikarar vil da bli løna av desse midlane.

**Løn kyrkjevevje.** I høve til kyrkjevevjestillingar i samanliknbare kommunar må ein rekne med ei viss lønsauke ved eventuell tilsetting av ny heiltidskyrkjevevje. Det er lagt inn kr. 50 000,- + sos. utg. i auke frå andre halvår 2024.

**Godtgjersle folkevalde** er auka i samsvar med vedtak i sak 73-23 om auka møtesatsar for SFR.

**Kyrkjjetenarstillingane** er auka med 5 prosent til høvesvis 30 prosent for kyrkjjetenar «inne» og 80 prosent for kyrkjjetenar «ute»/kyrkjegardsarbeidar.

**Inventar og utstyr i kyrkja** er budsjettert med kr. 120 000,- for oppgradering av lys og lyd i kyrka.

**Vedlikehald kyrkje** er budsjettert med kr. 250 000,- for utvendig måling. Ein tek atterhald om at desse midlane heilt eller delvis må nyttast til sluttoppgrjer og ferdigstilling av sprinklaranlegget.

**Løn i faste stillingar – trusopplæring** er budsjettert på same nivå som i 2023. Kostnaden vert dekt inn av trusopplæringstilskotet frå DnK.

**Kyrkjebladet** er budsjettert som eit eige prosjekt med følgjande postar: Utgifter: kr. 125 000,- til utgiving/trykking og kr. 25 000,- til porto. Inntekter: kr. 50 000,- i frivillig kontingent og annonsesal. Dette gir grunnlag for utgiving av inntil 4 nummer på same nivå som i 2023.

**Kyrkjegarden** er budsjettert på same nivå som tidlegare, men med halvering av festeavgiftene i høve til 2023, ettersom det da blei fakturert for både 2022 og 2023.

**Kyrkjelydshuset** er budsjettert på same nivå som tidlegare. Det er budsjettert med husleigeinntekt frå kontor- og garasjedelen på kr. 350 000,- (same som i 2023) og kr. 50 000,- frå utleige.

Kapittelet for **trusopplæring, diakoni og kyrkjemusikk** er budsjettert med eit samla «underskot» på kr. 147 000,-, medan **Kyrkjelydshuset** går med eit «overskot» på kr. 157 000,-, m.a. på grunn av stor dugnadsinnsats i samband med minnesamvær. Samla sett blir det frivillige arbeidet såleis dekt opp av overskotet på Kyrkjelydshuset, slik at det kommunale tilskotet berre går til obligatoriske føremål etter Trussamfunnslova.

**Investeringar.** Det er berre budsjettert med éi investering i 2024: Kr. 300 000 til reparasjon og utbetring av vindauga i kyrkja. I tillegg kan det bli aktuelt å bruke nokre av vedlikehaldsmidlane til slutføring av sprinklaranlegget i kyrkja. Dette vil også bli ført som investering.

Det er elles gjort nokre rekneskapstekniske tilpassingar med omsyn til bruk av disposisjonsfond, overføring av driftsmidlar til investering og dekking av udekt investering frå 2022.

**Kort oppsummert** gir budsjettet grunnlag for vidare drift på dagens nivå, med nokre tillegg og justeringar i samsvar med innmeldte behov og ønske hausten 2023. Soknet søkte i tillegg kommunen om å få behalde eit driftsfond tilsvarande om lag 10 prosent av det kommunale tilskotet. Dette blei ikkje innvilga, og soknet har derfor ingen buffer for uføresette utgifter eller forskottering av mva. Kommunen har likevel varsla betre rutinar for kontakt og samarbeid gjennom året, slik at uføresette kostnadar vil kunne fangast opp av søknadar om tilleggsøyving ved første og andre tertial.

Vedlegg: Talbudsjett for 2024  
Oversyn over fondsmidlar



AUKRA SOKN  
Skogvegen 1A  
6480 AUKRA

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
20/00872-6

Saksbehandlar:  
Kine Ulvestad Sætervik

Dato:  
5.1.2024

## Vedtak, tildeling av tilskot til kyrkjelege formål i 2024

Viser til Aukra kommune sitt Budsjett 2024 og økonomiplan med handlingsdel 2024-2027 og omtale av tenesteområde 10.9 Næring, revisjon og kyrkja mm. Det går der fram at vedteke løyve til Aukra Sokn for 2024 er kr 3 913 000,-. Ramme er då korrigert for lønsvekst og innmeldte tiltak, blant anna beløp tilsvarende kommunen si tenesteyting til Aukra sokn på kr. 205 000,-. I tillegg er tidlegare års mindreforbruk på kr 236 456,- trekt frå ramma.

Løyving er utrekna i høve til Lov om trus- og livssynssamfunn §14 sine retningslinjer for kommunane sitt økonomiske ansvar.

I staden for å fakturere for Aukra kommune si utførte tenesteyting, vert beløpet trekt i frå løyvinga. Netto løyving blir då kr 3 708 000,-.

Dette utgjer månadsbeløp på netto kr 309 000,-, som vert overført ca den 1. i kvar måned til bankkonto 4065.07.21545.

Vi minner og i år om dagleg leiar sitt ansvar for å sjå til at rekneskapen vert ført korrekt i høve til lover og forskrifter. Det er særskilt viktig at rekneskapen vert ført slik at det er lett å sjå kor mykje som vert brukt til oppgåver som det kommunale tilskotet skal ivareta, jf. Lov om trus- og livssynssamfunn §14. Ansvar 2100 kyrkjeleg verksemd utan kommunalt tilskot og ansvar 4000 kyrkjelydshuset er oppretta for å kunne ivareta dette.

Driftsrapport kan til ei kvar tid takast ut gjennom dagleg leiar sin tilgang til rekneskapssystem. Registrering av budsjett for 2024 kan avtalast nærmere med kontaktperson på økonomiavdelinga.

Med helsing

Kine Ulvestad Sætervik  
Konsulent

---

Postadresse:

Besøksadresse:

Telefon:

Org.nr.:


E-post:

post@aukra.kommune.no

www.aukra.kommune.no

+47 71171500

964981337



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellestråd**

Skogvegen 1 A  
6480 AUKRA  
Tlf: 468 40 719  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
www.aukrakyrkje.no  
Org.nr.: 976997654

## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokneråd (SR)  
**Møtedato:** Torsdag 18. januar 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 07/24 Referatsaker**

#### **Sak 07/24-1 Delegasjonsreglement for Aukra SFR**

Delegasjonsreglementet for Aukra SFR blei vedteke i 1999 og sist revidert i 2018. Det er behov for å gjennomgå og oppdatere reglementet, men AU har i møte 04.01.24 bestemt at ein i første omgang legg ved det gjeldande reglementet til orientering.

#### **Sak 07/24-2 Oppnemning av geistleg representant til fellestrådet**

Ved brev av 18.12.2023 har biskopen oppnemnt geistlege representantar til dei kyrkjelege fellestråda i Møre bispedøme. For Aukra sokn er oppnemnt sokneprest Kristian Finn Risung med domprost Grethe Lystad Johnsen som vara.

#### **Sak 07/24-3 Referat frå møte i AU 04.12.2024**

# DELEGASJONSREGLAMENT FOR AUKRA SOKNE- OG FELLESRÅD

## § 1 Bakgrunn og mandat

Lov om den norske kirke – kyrkjeleva – gjev i § 13 kyrkjeleg fellesråd løyve til å delegere mynde på sakleg begrensa områder.

I følgje § 10 i forslag til ”regler om formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet” – utarbeidd av kyrkjerådet -, fastset fellesrådet i særskilt delegasjonsreglement kva mynde som er tildelt fellesrådet sin leiar, arbeidsutvalet og dagleg leiar av kyrkjeleg fellesråd si verksemd.

## § 2 Generelt om utøving av delegert mynde.

- 2.1 Aukra sokneråd gjev dagleg leiar mynde til å utøve dagleg forvaltning og leiing av soknerådet si verksemd i samsvar med vedtekne planar og budsjett. Dette inneber at dagleg leiar vert gjeve fullmakt til å ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell verknad.
- 2.2 Prinsipp saker og saker som er særleg viktig skal alltid leggjast fram for soknerådet for vedtak. Dersom alle partar er einige om at saka bør avgjerast for soknerådet kan samlast til møte, kan dagleg leiar i samråd med soknerådsleiar (event. AU) ta avgjerd i sak. Slike saker skal i tilfelle alltid refererast på første møte i soknerådet.
- 2.3 All utøving av mynde skjer på soknerådet sine vegne og ansvar, og skal utøvast i samsvar med lover, reglar og retningsliner som er gjeve av soknerådet.
- 2.4 Delegert mynde kan til ei kvar tid trekkjast tilbake, og delegerande organ kan sjølv ta avgjerd i saka. Delegerande organ kan overprøve og omgjere underordna organ sitt vedtak innafør ramma av forvaltningslova § 35.
- 2.5 Mynde som er delegert til dagleg leiar, kan dagleg leiar delegere vidare så langt det er lovleg adgang til det og ikkje anna er vedteke. Er dagleg leiar inhabil etter forvaltningslova sin § 6, skal dagleg leiar sitt mynde utøvast av leiaren i kyrkjeleg fellesråd.
- 2.6 Dagleg leiar skal utøve sitt delegerte ansvar innanfor retningslinene som overordna instansar har sett for økonomiforvaltninga og verksemda elles. Det er dagleg leiar sitt ansvar at vedtak er gjort med bakgrunn i rett heimel.
- 2.7 Dagleg leiar er dagleg ansvarshavande og utøver den mynde som er tillagt soknerådet etter gravferdslova. Enkeltvedtak som dagleg leiar har gjort kan påklagast til soknerådet.
- 2.8 Dagleg leiar skal ha nødvendig dialog med soknepresten i soknet når saker som vedkjem desse sitt tilsynsansvar vert drøfta i forvaltninga.

## § 3 Økonomiforvaltninga

- 3.1 Dagleg leiar har tilvisingsmynde for dei midlane som er budsjettert for Aukra sokn.
- 3.2 Dagleg leiar i samråd med AU har i budsjettåret fullmakt til å gjere justeringar av soknerådet sitt budsjett innafør desse rammene:
  - A. disponere ekstratildelingar som følgjer av lønsjusteringar
  - B. disponere meirinntekter som følgje av t d inntekter ved sal, omsorgspermisjonar og arbeidsmarknadstiltak
  - C. gjere omposteringar som følgje av vakansar
- 3.3 Dagleg leiar avgjer spørsmål knytt til økonomiforvaltninga i samsvar med fastsette reglar og retningsliner.



## **§ 4 Personalforvaltninga**

- 4.1 Dagleg leiar er til dagleg arbeidsgjevarrepresentant etter Hovedavtalen. Dagleg leiar representerar Aukra sokneråd i kontaktmøte med arbeidstakarorganisasjonane.
- 4.2 Dagleg leiar gjev permisjonar i samsvar med gjeldande regelverk, avgrensa til 6 månader.
- 4.3 Dagleg leiar og administrasjonsutvalet tilset vikarar.
- 4.4 Dagleg leiar kunngjer ledige stillingar i den lønnsramma eller i det lønns spennet som gjeld for vedkomande stilling.
- 4.5 Dagleg leiar skal ved tilsetjingar saman med leiar i Aukra sokneråd og dei tilsette sin representant i administrasjonsutvalet utgjere innstillingsrådet. Tilsetjing vert føreteke i soknerådet etter innstilling frå innstillingsrådet, jf tilsetjingsreglement.

## **§ 5 Fortolkning**

Dersom det er berettiga grunn til tvil om ei sak skal handsamast administrativt med heimel i delegasjonsreglementet, vert saka lagt fram for soknerådet.

## **§ 6 Endringar av reglementet**

Endringar av reglementet kan berre gjerast av soknerådet.

## **§ 7 Innføring av reglementet**

Reglementet vert innført frå 3. mars 1999.



Dato: 18.12.2023

Vår ref: 23/04149-1

Dykkar ref:

**Oppnemning av geistleg repr i Kyrkjeleg Fellesråd 2024 - 2027**

Biskopen i Møre oppnemner geistleg repr. i fellesråd etter tabellen under:

Prosti	Fellesråd	Geistleg repr.	Vara for geistleg repr
Søre Sunnmøre prosti	Volda	Prost Ingeborg Matre	Spr. Homindal, Austefjord og Storfjord Per Kristian Hovden Sætre
	Ørsta	Spr. i Ørsta Arne Moltubak	Spr. i Hjørundfjord Espen Aarseth
	Ulstein	Spr. i Ulstein Margit Lovise Holte	Kap. I Ulstein Miriam Håland Igland
	Hareid	Spr. på Hareid Lars Hartig Tangedal	Spr. i Ulstein Margit Lovise Holte
	Herøy	Spr. i Herøy Solfrid Leinebø Seljeås	Spr. i Indre Herøy og Leikanger p.t. Kjell-Roger Isene
	Sande	Spr. Sande og Gursken Ola Døhl	Spr. Vanylven og Åram Johnny Leikvoll Drabløs
	Vanylven	Spr. Vanylven og Åram Johnny Leikvoll Drabløs	Spr Sande og Gursken Ola Døhl
Nordre Sunnmøre prosti	Ålesund	Prost, p.t. fung. prost Arnt Sigurd Sollie	Spr. i Spjelkavik Anders Grytten
	Haram	Spr. i Vatne og Hamnsund Karl Johan Bjørge	Spr. Haramsøy og Fjørtoft. Magne Bildøy
	Giske	Spr. Vigra og Giske p.t. Hallvard Nordstrand	Spr. Valderøy Gunhild Roaldsnes Bremer
	Sula	Spr. i Sula Anders Barstad	Kap. Sula p.t. PUU Stine Lerheim
	Sykkylven	Spr. Sykkylven p.t. fung. spr.	Prost, p.t. fung. prost Arnt Sigurd Sollie
	Storfjorden	Spr. Stranda og Liabygda Claes Blom Mørch	Spr. Sunnlyven og Stordal Anne Kristin Langeland

Postadresse:  
Moldetrappa 1  
6415 MOLDEE-post: more.bdr@kirken.no  
Web:  
Org.nr.:818 066 872Telefon: +47 71250670  
Telefaks:Sakshandsamar  
Anvid Helle  
+47 71250670

Prosti	Fellesråd	Geistleg repr.	Vara for geistleg repr
Dom- prostiet	Molde	Domprost Grethe Lystad Johnsen	Spr. Røvik og Veøy Jan Erik Syvertsen
	Hustadvika	Domprost Grethe Lystad Johnsen	Spr. Vågøy og Myrbostad Björg Marie Myhre
	Aukra	Spr. Aukra Finn Kristian Risung	Domprost Grethe Lystad Johnsen
Indre Romsdal Prosti	Rauma	Prost, p.t. fung. prost Knut Bjune	Seniorprest Rauma Erling Nevland
	Vestnes	Spr. Vestnes og Fiksdal John Sylte	Prost, p.t. fung. prost Knut Bjune
Ytre Nordmøre prosti	Kristiansund	Prost Sindre Stabel Kulø	Spr. Kristiansund Tormod Sikkeland
	Averøy	Spr. Bremsnes, Komstad og Kvernes Sigurd A. W. Haugen	Prost Sindre Stabel Kulø
	Smøla	Spr Smøla, p.t. fung. spr. Leif Ole T. Husfest	Spr. Aure, p.t. fung spr. Preben Colstrup
	Aure	Spr. i Aure, p.t. fung. spr. Preben Colstrup	Spr. på Smøla, p.t. fung.spr. Leif Ole T. Husfest
Indre Nordmøre prosti	Sumadal	Prost Vidar Wilhelmsen Rygh	Spr. Stangvik og Todalen P.t. spr. Toril Stendahl
	Sunndal	Prost Vidar Wilhelmsen Rygh	Spr. Alvundeid Jan Fredrik Laskerud
	Tingvoll	Spr Tingvoll og Straumsnes Toril Stendahl	Prost Vidar Wilhelmsen Rygh
	Gjemnes	Spr. Gjemnes og Øre Arne Bøe	Prost Vidar Wilhelmsen Rygh

Med helsing

Ingeborg Midttømme  
Biskop

Arvid Helle  
Leiar kyrkjefagavd.


*Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.*

Mottakarar:

Click here to enter text., Click here to enter text.

Click here to enter text.

Click here to enter text.



# DEN NORSKE KYRKJA

## Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A  
6480 AUKRA  
Tlf: 468 40 719  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
www.aukrakyrkje.no  
Org.nr.: 976 997 654

### MØTEREFERAT

**Utval:** AU i Aukra SFR  
**Møtedato:** 4. januar 2024  
**Møtetid:** 18.05 – 20.25  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

**Desse møtte:** Erlend Melby og Marta Kristin Eidskrem

**Forfall:** Kristian Finn Risung

**Sekretær:** Max Ingar Mørk

**Elles møtte:** Sigurd Moltubakk

Møtet blei leia av Erlend Melby.

### Desse sakene blei behandla:

#### AU-sak 01/24 Misjonsbasaren fredag 2. februar 2024 kl. 18.00

Kari Margrete Fanghol hadde bede soknerådsleiaren om å ta opp ei sak om misjonsbasaren 2. februar på neste møte i SFR. Ho skreiv at «for å få avviklet basaren er vi avhengig av at flere trår til.»

Svein Løwe hadde sendt følgjande melding til kyrkjevevane: «Fint om det kan være med i kunngjeringene i kirka hver gudstjeneste framover. Ta gjerne også med ei oppfordring til å bidra med gevinster. Jeg regner med at soknerådsmedlemmene som har vært med og planlagt, sørger for å kunngjøre i soknerådet.»

**Vedtak:** Erlend kontaktar Kari for å avklare kor mange personar ein treng til ulike oppgåver. Saka leggst fram for soknerådet som ei av dei første sakene på neste møte. Soknerådet blir i innkallinga oppmoda til å skaffe/ta med gevinstar.

Sigurd følgjer opp saka om kunngjering av basaren på dei neste gudstenestene.

#### AU-sak 02/24 Prosedyrer for minnesamvær ved innleige av dugnadsgjengen

Janne Wie og Kari Fanghol hadde utarbeid forslag til organisering av minnestund på KLH i regi av dugnadsgjengen.

**Vedtak:** AU sluttar seg til forslaget. Saka leggst fram for soknerådet som ei av dei første sakene på neste møte.

### **AU-sak 03/24 Misjonsprosjektet – vidareføring eller omdefinering**

AU vil gjerne lande saka så snart som mogeleg, men treng meir tid til å kartlegge interesser og ressursar i soknerådet og kyrkjelyden.

AU ønskjer å få opp eit misjonsutval som kan definere det nye misjonsprosjektet. I mellomtida vil ein drøfte med Svein kva ein kan gjere fram til utvalet er på plass. Hovudaktivitetane i prosjektet i dag er aksjon skulesekk, julegåveaksjon, misjonsbasar og innsamling av klede. Særleg det siste er ressurskrevjande og bør vurderast nærare.

**Vedtak:** AU vil ta opp saka i samband med den planlagde strategidagen (sjå neste sak) der ein m.a. tek sikte på å oppnemne komitear og kontaktpersonar i soknet.

### **AU-sak 04/24 Gjennomføring av ein strategidag i SFR**

I SFR-sak 79-23 blei det gjort slikt vedtak:

Det blir arbeidd vidare med å finne kontaktpersonar og etablere ulike komitear. Ein tek sikte på å kalle inn til eit eige møte om saka der både faste representantar og vararepresentantar i soknerådet deltek.

AU vil følgje opp saka ved å arrangere ein strategidag/workshop for faste medlemmar og varamedlemmar av SFR. Aktuelle tema her er:

- Kirka vår
- Våre visjonar
- Våre ressursar
- Satsingsområde/fokusområde
- Oppnemning av komitear og kontaktpersonar

Spesielt blei nemnt:

- Arbeidet i Julsundet. Oppretting av ein Julsundkomité.
- Trusopplæringsutval – oppgåver og forventningar
- Komité for fasilitetsstyring/FM av kyrkja, kyrkjestova og KLH. Aktuelle saker: Utleigesatsar, varme, lys og lyd, interiør og inventar, sikring (m.a. av gallerifronten), utvendig måling, vedlikehald mv.

AU foreslår at strategidagen gjennomførast ein laurdag i løpet av våren, t.d. på Mevoldtunet, og med take away-mat.

### **AU-sak 05/24 Stillingsendringar for kyrkjetenarane**

I SFR sitt budsjettinnspel til kommunen hausten 2023 blei det søkt om midlar til 5 % auke av begge dei to kyrkjetenarstillingane frå 2024. Dette fekk gjennomslag ved budsjettbehandlinga i kommunestyret før jul og blei lagt inn som auke i det kommunale tilskotet.

Begge stillingane har dei siste åra hatt 7-8 % fleire timar enn den faste stillingsprosenten tilseier. Med 5 % auke vil stillinga for kyrkjetenar inne bli 30 % og for kyrkjetenar ute/kyrkjegardsarbeidar bli 80 %.

**Vedtak:** Saka blir fremma med forslag om 5 % auke av begge stillingane frå 1.1.2024.

## **AU-sak 06/24 Eventuell songkveld i kyrkja med familien Ajer**

Familien Ajer har kome med tilbod om ein songkveld i kyrkja i slutten av februar. Aktuelle datoar er 21., 22., 26. eller 27. februar. For å dekke utgifter bed dei om enten kr. 5 000,- i honorar frå soknerådet eller høve til å ta opp ein kollekt. Soknerådet må uansett halde kyrkjetenar.

**Vedtak:** Sigurd følgjer opp saka. Han må sjekke kor mange som var på den førre konserten med familien Ajer og vurdere om det ser ut til å vere grunnlag for ein ny konsert. I så fall får dei tilbod om å låne kyrkja gratis og ta opp kollekt til dekking av eigne utgifter. AU ser ikkje behov for ta opp saka i soknerådet.

## **AU-sak 07/24 Budsjett for SFR 2024**

Rekneskapsfører Lill Tove Gammelsæter har starta arbeidet med å lage budsjettforslag for 2024. Det er avtalt møte mellom rekneskapsfører og kyrkjeverje torsdag 11. januar for vidare arbeid med forslaget. Dersom det blir ferdig i tide, leggast det fram som sak på neste møte.

I samband med budsjettarbeidet vil ein også avklare det økonomiske grunnlaget for ei eventuell vidareføring av kyrkjebladet i 2024.

## **AU-sak 08/24 Delegasjonsreglement og tilsettingsreglement**

Delegasjonsreglementet for SFR blei sist revidert i 2018. Det er behov for å gjennomgå og oppdatere reglementet, men i første omgang vil ein i neste møteinnkalling legge ved det gjeldande reglementet til orientering.

Tilsettingsreglement har så langt ein kan sjå aldri vore vedteke av SFR. Med tanke på at det er aktuelt med fleire tilsettingar i løpet av året, bør eit slikt reglement raskt på plass, men inntil vidare vil ein støtte seg på KA sitt forslag til slikt reglement.

## **AU-sak 09/24 Tilsetting av kontor – tilsettingsprosess**

Erlend hadde sendt e-post til alle medlemmar og varamedlemmar i SFR der han bad om fullmakt for AU til å planlegge tilsettingsprosess samt kalle inn og gjennomføre intervju med kandidatane. Det var presisert at sjølve tilsettinga vil skje i eit samla fellesråd.

Eit stort fleirtal, inkludert alle dei faste i fellesrådet, hadde gjeve AU slik fullmakt, og ingen hadde fremma ønske om ekstraordinært FR. AU kunne dermed gå vidare med prosessen.

Dei to søkarane hadde fått melding før jul om at den vidare tilsettingsprosessen ville bli teken opp tidleg i januar. AU var no oppteken av å sette ein dato for intervju og innkalle søkarane. Intervjugruppa bør bestå av leiar og nestleiar i SFR, kyrkjeverje og sokneprest.

Sigurd kunne ta på seg å organisere prosessen, men ettersom han snart skal tre av som kyrkjeverje, ønska han ikkje sjølv å vere med under intervju. Han hadde derfor vore i kontakt med kyrkjeverja i Molde, Hans Jakob Nes, med spørsmål om han kunne tenke seg å vere med i staden. Nes var positiv til dette, og AU meinte det var ei god løysing å få inn ein røynd kyrkjeverje i denne prosessen. Erlend tek kontakt og gjer nærare avtale med han.


Den vidare prosessen blir da slik:

1. Kalle inn begge søkerane til intervju. Finne ut på førehand kva ein vil spørje om.  
Aktuelle datoar: Onsdag 17. januar kl. 15.00 eller 18.00, eller torsdag 18. januar kl. 15.00.
2. Referansesjekk
3. Prøvespel. Spørje ein uavhengig organist om å bistå med dette, t.d. tidlegare domkantor og organist Leif Olav Sundsbø.

Når denne prosessen er gjennomført, vil intervjugruppa, saman med den innleigde organisten, kome med ei tilråding til SFR, som gjer eventuell tilsetting.

Aukra 04.01.2023  
Erlend Melby  
Leiar (sign)

Max Ingar Mørk  
Sekretær/referent



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellesråd**

Skogvegen 1 A  
6480 AUKRA  
Tlf: 468 40 719  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
www.aukrakyrkje.no  
Org.nr.: 976997654

**SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokneråd (SR)  
**Møtedato:** Torsdag 18. januar 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

**Sak 08/24** Eventuelt